

Barnetoget

På 17. mai går mange barn i barnetog.

I barnetoget går skulane med flagg og faner. Barna syng og ropar hurra. Korpsa spelar 17. mai-songar og mange viftar med norske flagg.



Det første barnetoget var i Oslo i 1870. Toget vart arrangert av Bjørnstjerne Bjørnson. Han meinte at barna representerer framtid og håp. Difor ville han at 17. mai skulle vere barna sin dag.

I starten var det berre gutar som fekk gå i barnetog. Frå 1889 fekk også jentene vere med.

Etter kvart vart barnetog vanleg i heile landet. Barnetoget vart ein fast del av 17. mai-feiringa.

I Oslo går barnetoget alltid forbi Slottet. Sidan 17. mai 1906 har den norske kongefamilien stått på balkongen og vinka til barnetoget.



Foto: Ernst Vikne – CC BY-SA 2.0

Spørsmål til teksten:

1. Kva gjer barna i eit barnetog?

2. Når og kvar vart det første barnetoget arrangert?

3. Kvifor meinte Bjørnstjerne Bjørnson at 17. mai skulle vere barna sin dag?

4. Kva gjer kongefamilien på Slottet på 17. mai?
